

# SENTRUMSVANDRING

**Turtype:** Fottur  
**Sesong:** Barmark  
**Lengde:** 2,5 km  
**Parkering:** Ved kyrkja eller rådhuset i Kyrkjebygda



Bli med på ei vandring gjennom den vakre bygda ved Øre! Turen startar på Minne kultursenter og går gjennom eplehagen til Åseral kyrkje og krigsminne frå 2. verdskrig på kyrkjegarden. Her er det mogleg å få ei omvising i det flotte kyrkjebygget. Vi går vidare til rådhusplassen via Lislehylen til det gamle skulehuset - og tek oss tid til historia om bautasteinen på Berg på veg tilbake og austover til neste stopp ved rekketunet under Berg. Frå gamle Lordens og Oppas tek vi turen opp på Austrudshåmaren og avsluttar med sentrumsnær topptur. Her er det flott utsikt over heile Kyrkjebygda.

